

VEKE 16

Vekeplan for 3A

15.-19 april


	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
08.45 – 10.00	Helgesnakk. Stasjonar: <u>Matte:</u> Koordinatar. <u>Norsk:</u> Skrivning på PC. <u>Engelsk:</u> Seasons.	Lesekvart. Matte: Koordinat-system.	08.45 – 09.45 Norsk: Skriva forteljing.	Norsk: Elevane les høgt. Matte: Koordinatsystem.	Diktat. Tredeling: <u>Matte:</u> Koordinatar. <u>Norsk:</u> Bibliotek. <u>Engelsk:</u> Seasons.
10.00 – 10.30	Friminutt	Friminutt	09.45 – 10.00 Friminutt	Friminutt	Friminutt
10.30 – 11.15	Stasjonar: <u>Matte:</u> Koordinatar. <u>Norsk:</u> Skrivning på PC. <u>Engelsk:</u> Seasons.	Samfunnsfag: Vikingtida.	10.00 – 10.45 Norsk: Skriva forteljing.	Tur til Nøtteskogen.	Tredeling: <u>Matte:</u> Koordinatar. <u>Norsk:</u> Bibliotek. <u>Engelsk:</u> Seasons.
11.15 – 11.45	Mat	Mat	10.45 – 11.15 Mat	Mat	Mat
11.45 – 12.30	Friminutt	Friminutt	11.15 – 11.45 Friminutt	Friminutt	Friminutt
12.30 – 14.00	★ Høgtlesing: <i>Tonje Glimmerdal.</i> ★ Gym.	K&H – Todeling: Sløyd og brodering.	11.45 – 12.30 KRLE: Hinduismen.	Norsk Skriva forteljing.	Musikk. Leiketime 😊
	Skuleslutt 14.00	Skuleslutt 14.00	Skuleslutt 12.30	Skuleslutt 14.00	Skuleslutt 14.00

MÅL FOR VEKA:

Norsk: Eg kan markera direkte tale i ein tekst.

Matte: Eg kan skriva koordinatar for kvar ting er i eit rutenett.

Sosialt: Eg kan vera inkluderande og passa på at ingen blir haldne utanfor.



www.minskole.no/Samnanger




GLOSER

winter – vinter
summer - sommar

VEKELEKSA

Norsk: **1** Les den vesle boka du har i leksemappa di.
Les i 10 minutt kvar dag, finn ei bok om du er ferdig med den vesle boka.
2 Skriv øveorda i øveboka di tre gongar så fint du kan.
Matte: Gjer arket du har fått om koordinatar.
Engelsk: Skriv glosene i øveboka di. Du skal kunna skriva dei utanåt innan fredag.



ØVEORDA

hengde
glad
byen
tur
vidare

Informasjon

Hei,
Elevane er godt i gong med forteljingane sine, og dei er ivrige. Me las siste kapittel av «Heksene» for å friska opp korleis boka slutta, slik at me lettare kunne fortsetja forteljinga. Me skreiv dei første to setningane saman, før elevane fortsette saman to og to. Eg gler meg til forteljingsheftet blir ferdig 😊

I kunst og handverk har me gått over på ein todeling: halvparten syr/broderer saman med Magnhild, og den andre halvparten er på sløyden med Tor. Eg går litt imellom der det trengs. Etter eitt par gongar byttar me. Me kjem til å ha det slik i fleire veker framover. På sløyden får dei laga det dei vil (det har elevanespurd om dei kan få lov til fleire gongar), og for ein kreativitet 😊 Me skal også laga nøkkelringar. På tekstil broderer me no, og skal etter kvart sy bamsar.

Ønskjer alle ei fin veke! 😊



Beste helsing oss på 3.trinn

Mobiltelefon Helen: 909 31 471, E-post: helen.tallis-reistad@samnanger.kommune.no
Kontakttid: Onsdagar kl.11.45-12.30
Skulen si heimeside: www.minskole.no/Samnanger, Telefon til skulen: 565 89 980

